

FAU
v/ Sagstad skule
5918 Frekhaug

12.mars, 2014

Meland kommune
Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Klage – Rammeløyve gbnr 24/49. Bruk av gang og sykkelveg som tilkomst til Fv 244.

Vi viser til vedtak hos Meland kommune 21.01.14 med rammeløyve for oppføring av einebustad på gbnr 24/49.

FAU har blitt informert om vedtaket i saka 12.03.14. I medhald av Forvaltningslova § 35 meiner vi å ha rett til å framføre klage i denne saka, då vi ikkje tidlgare har blitt informert om saka. Fau ivaretok born og unges rettar i og ved skuleområdet på Sagstad og er soleis ein naturleg part i sakar som vedkjem nærområdet til skulen. I og med at dette vedtaket har innverknad på skulevegen (Bustølvegen) til borna setter vi fram klage på rammeløyve som er gjeve.

Fau klagar på vedtaket då det ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til tryggleiken og fersla til mjuke trafikantar på gang og sykkelvegen. I dag er det i alt 19 eigedomar som har rett til å køyre via gang og sykkelvegen fram til avkjørselspunktet på Fv 244. Biltrafikken vil i stor grad konsentere seg til morgen og ettermiddag, på tidspunktet då borna går/syklar til og frå skulen. Siste året er ein ny bustad komen til på gbnr 24 /78. Vi ser at det i nærområdet til skulen er frådelt fleire tomter, som har potensiale for bygging av bustadar i framtida. Fau krev no at nye rammeløyver for bustadtomter i området inkludert, gbnr 24/49 må ha krav om tilkomst til Fv - nettet gjennom vegløsing som ikkje inkluderer gang og sykkelvegen til Sagstad skule.

I dei seinare åra er det komen til nye bustadfelt på Frekhaug med mellom anna Mjåtvitmarka og no under etablering Løypetona. Mange unge familiarer etablerar seg i desse felta. Den naturlege vegen for borna deira til skulen er via gang og sykkelvegen. Talet på elevar som nytta denne vegen vil soleis auke etter kvart som felta vert utbygd. Gang og sykkelvegen vert også nytta som tilkomst til fritidsaktivitetar både på Fossemyra og ved Sagstad skule. Vi ser at kombinasjonen med auka bilkøyring på denne gang og sykkelvegen har eit potensiale for uheldige trafikale hendingar mellom born og bilar. Ved slike hendingar er det dessverre borna det vil gå ut over. Sjølv med låg fart vil dette kunne få svært alvorlege konsekvensar for borna som eventuelt er involvert.

Vi viser til « Rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser i Region Vest» utarbeid av Statens vegvesen og politisk handsama i Fylkestinget i 2013. Statens vegvesen legg til grunn i denne

at det på fylkesvegnettet ikkje skal oppnast opp for utvida bruk av avkjørsler der dette medfører køyring over gang og sykkelveg, pkt 12.1. Fau meiner at Meland kommune må legge same prinsipp til grunn for bustadutforminga i kommunen. Gang og sykkelvegen er den einaste tilnærma sikre tilkomsten til Sagstad skule for elevane, all den tid Fv 244 ikkje har noko tilbod til mjuke trafikantar. Difor må gang og sykkelvegen gjerast så trygg som overhodet mogleg. Meir køyring på gang og sykkelvegen utfordrar i vesentleg grad trafikktryggleiken på born sin skuleveg.

Samanfatning

Fau klager med dette på vedtak om rammeløyve for gbnr 24/49 som opnar opp for auka bilkøyring på gang og sykkelvegen fram til Sagstad skule. Fau ber om at vedtaket vert oppheva. Ved eit eventuelt nytt vedtak med rammeløyve for gbnr 24/49 må det settast krav om tilkomst til Fv 244 utan bruk av gang og sykkelvegen vert lagt til grunn. Dette for å sikre trygg skuleveg for borna på Frekhaug både no i 2014 og i framtida. Fau meiner at dette prinsippet også må leggast til grunn ved eventuelle framtidige rammeløyver i dette området.

Med helsing
Fau Sagstad skule

Kopi : Fylkesmannen i Hordaland, Kaigaten 9, 5015 Bergen